

# Referat Årsmøte i Samnanger turlag 22.01.19

Val av møteleiar: Evy Urås og Referent: Beate Aasebø. 2 stk. underskriv referatet etter årsmøtets slutt.

Innkallinga til årsmøtet blei godkjent.

Evt. Innspel:

Dagsorden godkjent:

- 1) Årsmelding
- 2) Regnskap
- 3) Val av to representantar til styret
- 4) Framsette forslag

## 1. Årsmelding:

Styret i 2018:

- Styreleiar: Evy G. Urås
- Styremedlemmer: Vibeke Raae (kasserer), Hilde Jørgensen (sikkerhetsansvarleg), Beate Aasebø (sekretær), Torbjørn Storås (ungdomsansvarlig)

Valnemnd 2018 bestod av Gunn Ø. Petersen (leiar) og Ole Johan Klyve.

Revisor i 2018 har vore Johnny Atle Solberg.

Samnanger turlag hadde 2 styremøte i 2018. Det har og vore gjennomført fleire arbeidsmøte til planlegging av dei ulike turane og aktivitetane i turprogrammet.

Samnanger turlag har 197 medlemmar ved utgangen av 2017, mot 209 i 2016 og 201 i 2017. Samla dugnadstimar for turlaget i 2018 er 1151, dette er 105 timar meir enn i fjor.

I programmet frå 2018 gjennomførte Samnanger turlag desse turane:

- 15 fellesturar
  - 8 kveldsmatturar
  - 4 familieturar (1 vart avlyst)
  - 3 vaksenturar (2 vart avlyst)
- 4 DNT Ung-turar (3 vart avlyst)
- Kom deg ut-dagen (21. januar og i september) + *Natt i naturen*

I snitt 34 deltakarar på turane (74 inkl. Kom deg ut-dagane) Ynskjer fleire deltakarar spesielt på turane for ungdom/vaksne.

Folk til fjells:

- Poster:
  - Tre faste: Raudvatnet, Nordvikasætra og Smådalen
  - Fire varierende, i 2018: Fløyen på Sævild, Kikenosa, Malkestølen og Mannaleitnipa/Kråfjellet.
  - Totalt 1892 har skrevet seg inn i 2018.
  - Det er i 2018 trekt ein premie for kvar bok.

Gjennomgang av tryggleiksrutinar for Samnanger turlag.

- Har egen tryggleiksansvarleg: Hilde Jørgensen
- Grunnleggjande turleiar kurs for dei som er turleiar, 9 stk. har dette. Ein av desse har og gjennomført sommar og vinterturleiar kurs.
- Livredningskurs, ved vann aktivitetar, 4 stk. har dette.

- 2 turleiarar ved kvar tur, ein i front og ein bak. Sikrar at ingen spring av garde eller vert etterlatt.
- Turane er gradert etter vanskegrad, slik at deltakarane sjølv kan vurdere om ein kan delta.
- Ved lengre turar snakkar ein med deltakarane i forkant, der ein avklarar føresetnad for å vera med, utrustning og evt. sjukdom/utfordringar og medisinbruk.
- Risikovurderingsskjema fylles ut i forkant av turen. Evalueringsskjema fylles ut i etterkant av turen. Desse vert arkivert i Dropbox for gjennomgang, evaluering og arkivering.
- Me har og med ein tulleiarsekk med nødvendig utstyr på kvar tur.

#### Hyttetilsyn på Gullhorgabu.

- Samnanger Turlag har tilsynet med hytta, og hyttetilsynet består av:
  - Leder: Arnfinn Jørgensen.
  - Medlemmer: Niels Bødker, Margunn Lønnebakken og Vigeik Tysseland.
- Safen har vore tømt 15 gonger, det har vore 2 dugnadsturer med helikoptertransport, tilsaman er det nedlagt 195 dugnadstimar.
- Det har vore hyttevertar på Gullhorgabu i august og september.
- I 2018 har det vore om lag 2000 besøkjande.

#### Marknadsføring.

Samnanger turlag nyttar ulike kanalar for å marknadsføre turane: Heimesidene våre, Facebook, Samningen, nettsida til Samningen, Samnanger kommune sine heimesider, plakatar i barnehagane, på SFO og rundt i bygda på KDU-dagane.

## 2. Økonomi

### Inntekter

- Sum inntekter: 89297 kr.

### Utgifter

- Til sammen 64032 kr. i utgifter.

### Eigenkapital

- Samnanger Turlag har kr 238891,19 kr. på bok ved utgangen av 2018.
- Sum eigenkapital er 143391,43. Kr 12 063 av desse er bundne midlar frå Sparebanken Vest til satellittelefon og 6000 kr til innreiing av skaphengaren.

## 3. Val av representantar til styret.

Valkomiteens innstilling til *styremedlemmer*, velges for 2 år:

- Styreleiar: Torbjørn Storås
- Styremedlem: Vibeke Raae
- Styremedlem: Beate Aasebø

Erstatning for Hilde og Torbjørn, velges for 1 år.

- Styremedlem: Evy Gjerde Urås
- Styremedlem: Margrete Bjørnås

Foreslåtte kandidatar blei valt inn i styret.

### ~~4. Eventuelt.~~

Styrets innstilling til valgkomiteen:


- Hilde Jørgensen, 2 år

Styrets innstilling til revisor:

- Johnny Atle Solberg

} Foreslåtte kandidatar blei valt inn.

Underskrift 1:



Underskrift 2:

